

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 03.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
076/20	Utval for næringsutvikling og drift	11.11.2020

**Søknad til Næringsfondet 2020. - Bringeberfrua Trude Isdal Fosse - Innredning, Gardsbutikk Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet «Innredning, Gardsbutikk» blir tildelt kr 20 000 frå Næringsfondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

**Utval for næringsutvikling og drift 11.11.2020:**

**Behandling:**

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**ND- 076/20 Vedtak:**

Prosjektet «Innredning, Gardsbutikk» blir tildelt kr 20 000 frå Næringsfondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

**Bakgrunn**

Føretaket er eit Enkeltpersonføretak. Registrert 27.05.2016. Bransje: Jordbruk. Dyrking av annan frukt som veks på trær eller busker samt nøtter. Tidlegare namn Tveiten Bær og gardsprodukt. Kjelde: proff.no.

**Saksopplysninger:**

Om prosjektet

Søklar opplyser at dei driv gard i Alversund der ein produserer bringebær som ein sel direkte til kundar. Ein vidareforedlar bær til syltetøy og andre produkt. Dei har òg eit lite bakeri der det produserast kranssekaker, brød, bollar, julebakst og liknande. Dei har eit godt utval av andre lokale produkt som, spekemat, eplemost, krydder, te og liknande.

Prosjektleveranse/Målsetting

Som følge av ynskje om å utvide tilbod om lokale produkt vil dei kjøpe inn kjøll og frys samt få betre eiga hyllesystem for å få presentert varene på ein betre måte enn no.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Innredning, Gardsbutikk	74 000	40 000	20.000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet.

- Prosjektet viser vekst og arbeidsplassutvikling i Alver jf. NF vedt. pkt.1 og pkt.2.1.

- prosjektet viser omstilling og nyskaping jf. NF vedt. pkt.2.3.
- Søknaden gjeld i hovudsak nytt utstyr jf. NF vedt. pkt.4.2.

Etter ei samla vurdering ligg ein større del av det omsøkte prosjektet innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast på følgjande vilkår:

- Dokumentasjon på innkjøpt utstyr må vere lagt fram før utbetaling.

**Vedlegg i saken:**

03.11.2020      Bringebærfrua\_Soknad\_29sep 2020

1468726